

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
061/2015	Formannskapet i Radøy	PS	18.06.2015

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Arthur Kleiveland	15/875	15/6600

Søndagsopne butikkar - høyring

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Kulturdepartementet har sendt på høyring framlegg til endringar i helgedagslova for å gje løyve til søndagsopne butikkar.

Departementet gjer i høyringsnotatet framlegg om å endra helgedagslova, slik at det blir tillate for butikkar å ha ope om søndagane. Påbodet om stengde butikkar vert foreslått oppretthalde på dei særskilde helgedagane, for høgtidsdagane 1. og 17. mai, og for høgtidsafta påske-, pinse-, og julafta frå kl. 16.

Det er i høyringsnotatet tatt inn eit alternativt forslag om at avgjerdsmynde vert lagt til den enkelte kommune. Lokalt folkevalde vil i dette tilfellet kunne ta stilling til om tilgang til å ha søndagsopne i kommunen skal utvidast i forhold til gjeldande regulering.

Saka vart lagt fram til drøfting utan tilråding i formannskapet 28. mai. Det var semje i formannskapet om å gje uttale til høyringsnotatet, men det kom fram ulike syn på kva uttalen skal innehalda. Saka vart utsett til ny handsaming i formannskapet 18. juni, og rådmannen fekk i oppdrag å leggja fram eit utgangspunkt til drøfting og politisk uttale.

Søndagsopne butikkar har lita eller ingen verknad administrativt i Radøy kommune. Vurderinga er derfor reint politisk og rådmannen vil derfor ikkje leggje inn eigne vurderingar i saka. På bakgrunn av debatten i formannskapet og dei ulike syn som kom fram er det utarbeidd utkast til ulike konklusjonar som formannskapet kan arbeide vidare med.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Ulike forslag til høyringsuttaler leggst med dette fram for drøfting:

1. Radøy kommune er positiv til endringar i helligdagsfredlova som gjer generell tilgang for butikkar til å ha søndagsopen.
2. Radøy kommune er positiv til endring i helligdagsfredlova som gjer tilgang for butikkar å ha søndagsopen. Dersom det likevel ikkje vert ein generell tilgang til søndagsopne butikkar bør kommunane sjølv kunne ta avgjerd om butikkane i kommunen skal ha søndagsopen.

3. Radøy kommune ønskjer ein ordning med at den einskilde kommune sjølv har avgjerdsmynde for om butikkane i kommune skal ha tilgang til å ha søndagsopen.
4. Radøy kommune støttar ikkje forslaget om lovendring som gjer generell tilgang for butikkar til å ha søndagsopen
5. Radøy kommune støttar ikkje lovendinga som gjer generell tilgang for butikkar til å ha søndagsopen. Dersom det likevel opnast opp for søndagsopne butikkar så ber Radøy kommune om at avgjerdsmynde vert lagt til den einskilde kommune

Formannskapet i Radøy - 061/2015

FS - handsaming:

Rådmannen la fram fem ulike alternative framlegg til uttale om søndagsopne butikkar.

Wenche Kalnes Tveranger (Frp) støttar alternativ 2:

Radøy kommune er positiv til endring i helgedagsfred-lova som gjer tilgang for butikkar å ha søndagsope. Dersom det likevel ikkje vert ein generell tilgang til søndagsopne butikkar bør kommunane sjølv kunne ta avgjerd om butikkane i kommunen skal ha søndagsope.

Frode Hervik (V) og Kenneth T. Murberg (H) støttar alt. 3:

Radøy kommune ønskjer ei ordning med at den einskilde kommune sjølv har avgjerdsmynde for om butikkane i kommunen skal ha tilgang til å ha søndagsope.

Finn Frantzen (KrF), Jon Askeland (Sp), Silje Namtvedt (Sp), Ann Christin Hoen (Ap) støttar alt. 4:

Radøy kommune støttar ikkje forslaget om lovendring som gjer generell tilgang for butikkar til å ha søndagsope.

Radøy kommune gir dermed følgjande uttale til høyring om søndagsopne butikkar:

Radøy kommune støttar ikkje forslaget om lovendring som gjer generell tilgang for butikkar til å ha søndagsope.

FS - vedtak:

Radøy kommune støttar ikkje forslaget om lovendring som gjer generell tilgang for butikkar til å ha søndagsope.